



Notat

**Emne: Delingssak gbnr 88/88 Sæbø ytre - deling - kort oppsummering etter møte
11.06.2015**

Saksbehandler: Teknisk forvaltning/Kjersti Flatråker

Vår referanse: 15/841 - 15/6675 / Gbnr - 88/88, FA - L33

Dato: 11.06.2015

Møte mellom Øystein Marås (søkjær), Toril M.Mulen (landbruk) og Kjersti Flatråker (plan)

Det er søkt om frådelling frå gbnr 88/88 for 3 friområde/fellesområde i regulert bustadfelt for heilårsbustader på Sæbøtunet. Areala var opprinneleg del av gbnr 88/1. Restarealet på 88/1 er kjøpt av Øystein Marås. I tillegg til ein utmarksteig skulle han ha med areala inne i regulert felt. 1 bustadtomt har fått eige gards- og bruksnummer.

I søknaden er det opplyst at eigar ynskjer areal S1, F8 og F11 lagt tilbake til gbnr 88/1.

Det vil vere i strid med føremåla i reguleringsplanen å leggje friområda i eit bustadfelt til ein landbrukseigedom.

Øystein Marås var samd i at F8 og F11 får eiga gards- og bruksnummer slik at det lett kan overtakast av eigarane i bustadfeltet om det er ynskje om det.

S1 ligg arrondert til landbruksareala og er av ein slik karakter at det kan nyttast til landbruk på ein annan måte enn dei andre parsellane.S1 vert difor lagt til gbnr 88/1. Det vert gjeve bruksrett for å komme til, bruke og drifte kommunalteknisk anlegg.

Grense mot gbnr 88/32 vert satt ved søknad om deling i frå gbnr 88/1, når deling frå gbnr 88/88 er gjennomført (i eigen sak seinare).

Post

postmotak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

